

Hardangervidda Grunneigarsamskipnad (HG)

Hønefoss, 27.11.2017

REFERAT FRÅ STYREMØTE 24.11.2017

Quality Hotel Vøringfoss, Eidfjord

Til stades: Per Helge Sekse, Stein Werpe, Odd Gunnar Vikan, Torgils Eide, Anve Myklatun, og Nils Bjørn Vistad (sekr.).
Grunna vanskelege værtilhøve på fjellet, måtte Robert Pedersen og Johan Vaa gjera vendersis på Haugastøl (vegen stengd).

Sak 1. Reiseskjemagjennomgang

Rutinesak.

Sak 2. Skrantesjukesituasjonen

Styret hadde ein rask gjennomgang av status i saka, frå påvising av dei 2 fyrste tilfella i Nordfjella i fjor og fram til at det nå er påvist 8 dyr i alt (etter jakta i haust og oppstarta statleg uttak).

Vedtak: Ein viser til at det på fagdagen, dagen etter, blir 3 tunge foredrag om temaet. Her vil Veterinærinstituttet syne oppdatert kunnskap om CWD, SNO orientere om status for utskytingen i Nordfjella og kommunal koordinator orientere om oppgaver og tiltak for berørte kommunar (Lærdal, Aurland og Hemsedal) si side.

Sak 3. Prosjekt: Villrein som verdiskapar

Buskerud fylkeskommune har lansert ein prosjektidè om verdiskaping basert på villreinen og på reinens premisser, i hovudsak med tanke på reiselivsverksemdar og andre næringsutøvarar i randområde rundt Hardangervidda/Nordfjella. Eit forprosjekt er starta opp og eit hovudprosjekt kan kome i gang i 2019.

Vedtak: Styret i HG ser ikkje at dette har vesentleg tyding for våre medlemmer, og har dimed ikkje kommentert utspelet frå fylkeskommunen.

Sak 4. Register og adresser

Sekr. har i haust oversendt til Mikkel Aanderaa 8 endringsframlegg på heimesida. Styret hadde ingen nye rettingar/endingar å vise til p.t. Sekretærens register blir retta fortløpande, medan heimesida får 2-3 opprettingar i året, og alltid rett etter årsmøtet om våren.

Vedtak: Til orientering.

Sak 5. Rullering regional plan

Denne planen vart vedtatt i 2011 og skal nå rullerast. Forslag til planprogram var ute på høyring og HG sendte inn uttale, som så vidt vi kan sjå på nettsida til fylkeskommunen (Buskerud) mykje er tatt til fylgje. HG vektla desse momenta: Utmarksnæringane, samsvar mellom regionalplan/forvaltningsplan, lik praktisering i alle 3 fylker, nye arealvurderingar, skrantesjukeproblematikken, implementering av rapporten «forenkla utmarksforvaltning» (2015) og deltaking for HG/Fjellstyra i den administrative styringsgruppa. Dette siste er avvist av fylkeskommunen, men ein ser gjerne at grunneigerane gjev innspel og elles kan delta i enkeltmøter.

Vedtak: Sekr. følger med i saka vidare og avklarar aktuelle innspel så tidleg som råd. Styret vil løpande diskutere saka og ber medlemmer med synspunkt ta kontakt. I ymse einskildsaker ser ein at medlemmer kan ha ulik interesse. I slike tilfelle vil HG normalt avstå frå standpunkt.

Sak 6. Arbeidsform i HG

Styret har hatt dette temaet opp ved fleire høve tidlegare utan konklusjon. Ein ser eit behov for fokus på aktivitet/synlegheit, samstundes som at det er naudsynt å tenke prioritering og kostnader. Ein drøfta og bruk av eit mindre arbeidsutval og større aktivitetsmynde til sekretær. Vidare vart det reist spursmål om kontingentgrunnlaget, sidan denne fylgjer arealet fullt ut.

Vedtak: Styret ynskje ikkje å konkludere, m.a. avdi Telemark (Johan og Robert) ikkje deltok i møtet. Saka blir å ta opp att i samband med styremøte i februar, samstundes som årsmøtesakene blir førebudd.

Sak 7. Møte med DNT

DNT-Drammen har bedt om å få eit møte med rettighetshaverar og forvaltning i samband med at alle partar likevel var samla i Eidfjord. Dette hadde dei fått tilsagn om, og møtet vart halde rett etter HG sitt styremøte. DNTD og Riksantikvaren (med støtte frå Miljødirektoratet) vil oppgradere Søre Nordmannslepa (skilting/merking/infopunkter m.m.),- noko som vil føre til større trafikk gjennom eit særskilt viktige bruksareal for reinen.

Vedtak: Styret er klar på at dette ikkje er ynskjeleg og at det på vestsida er eit sterkt kritisk engasjement i denne saka. Ein merker seg at DNTD synes å vera klare på at tiltak forutset «klarering» frå grunneigarsida. Ein reknar møtet primært som eit informasjonsmøte. Heile styret vil delta.

Sak 8. Anna

Under dette punktet vart tatt opp eigedomssal, utmelding, invitasjon til medlemskap, kontingent og DAB-dekning

Vedtak: Enkeltsakene til orientering. M.o.t. DAB-dekning kontakter sekr. Samarbeidsorganet for Fjellstyra, eventuelt også DNT, med sikte på eit felles innspel med fokus på sikkerhet, info., værmelding o.l.)

Nils Bjørn Vistad
skrivar

